



M Haugland Bygg AS
Mjø
5939 SLETTA

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/485 - 17/7635

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
13.06.2017

Byggesak gbrn 43/148 og 148 - fritidsbustad - trong for tilleggsopplysningar

Dykkar søknad om løyve til tiltak mottatt 09.03.17, supplert 23.03.17, og søknad om dispensasjon mottatt 05.05.17, samt kommunen sitt brev av 05.04.17 og 09.05.17.

Søknaden har vore saksførebudd for handsaming i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk 21.06.17. Under saksførebuinga har det vorte klart at søknaden er for mangelfull til å kunne handsamast.

Manglane er som følgjer:

- Søknaden var ikkje vedlagt søknad om dispensasjon frå arealføremål, jf. kommunen sitt brev av 05.04.17. Kommunen har den 05.05.17 motteke søknad om dispensasjon, men grunngjevinga for søknad om dispensasjon er mangelfull, jf. plan- og bygningslova § 19-1.
- Nabovarsling av søknad om løyve til tiltak er meir enn 1 år gamal, jf. Byggesaksforskrifta § 5-2(3).
- Blankett 5175 er mangelfullt utfylt når det gjeld arealdisponering, dispensasjon og tilknytning til veg og leidningsnett.
- Kartet som er vedlagt søknaden stettar ikkje krav til situasjonsplan og er mellom anna ikkje målsett.
- Søknaden er ikkje vedlagt terrengsnitt som viser høgdeplassering og plassering i høve terreng.
- Det er ikkje samsvar mellom gjennomføringsplan og ansvarsrett for Arne G. Åsheim.
- Ansvar for PRO/UTF Radonsikring fremgår ikkje av gjennomføringsplan og ansvarsrettar
- Det er ikkje vedlagt dokumentasjon for løyve til utvida bruk av avkjørsle.
- Det er ikkje vedlagt dokumentasjon for vegrett.
- Det er ikkje søkt om tilknytning til offentleg vassverk.
- Det er ikkje vedlagt dokumentasjon for utsleppsløyve.
- Det er ikkje vedlagt dokumentasjon for rett til tilkobling til privat leidningsnett.
- Kommunen kan ikkje sjå å ha motteke krav om samanføyning, jf. vårt brev av 09.05.17.

- Det ligg ein open byggesak (planering av tomt) på gbnr 43/149 frå 2007 (arkivsak 07/726). Ut i frå foto kan det sjå ut til at tiltaket er påbegynt. Denne saka er ikkje avslutta og grensesnittet er ikkje avklart.

Manglane må rettast **innan 28.07.17**. Søknaden vert etter dette arkivert utan vidare handsaming.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

M Haugland Bygg AS

Mjøås

5939

SLETTA